

VEDTEKTER FOR MØREFORSKING AS

fastsette på skipingsmøtet 8.6.2007 og seinare endra i ekstraordinær generalforsamling 11. desember 2007, i generalforsamling 26. mai 2011, 29. mai 2013, 3. juni 2014, 19. mai 2016 og 14. juni 2017.

§ 1

Namn

Selskapets namn er Møreforsking AS.

§ 2

Forretningskontor

Selskapet har forretningskontor i Ålesund kommune.

§ 3

Formål og verksemd

Selskapet sitt formål er å drive forskings- og utviklingsarbeid, utgreiingar og rådgivande verksemd for næringsliv, offentlig forvaltning, organisasjonar og andre, samt delta i andre aktivitetar som står i naturleg samanheng med dette – herunder ha eigarskap i andre selskap.

§ 4

Selskapets ideelle karakter

Selskapet er eit allmennyttig forskingsselskap som ikkje skal dele ut utbytte eller gjere andre utdelingar til aksjonærane. Overskot som blir skapt gjennom verksemda, skal brukast til realisering av selskapets allmennyttige formål.

§ 5

Aksjekapital

Selskapet skal ha ein aksjekapital på kr 500 000, fordelt på 1 000 aksjar à kr 500.

Selskapets aksjar er delte inn i vanlege aksjar og preferanseaksjar. Dei vanlege aksjane har eit samla pålydande på kr 450 000 medan preferanseaksjane har eit samla pålydande på kr 50 000.

Dersom selskapet i strid med føresegna i § 4 eller etter at § 4 er endra, deler ut utbytte eller gjer andre utdelingar til aksjonærane, under dette utdeling i samband med oppløysing og likvidasjon av selskapet, skal 55 % av utdelinga tilfalle preferanseaksjane inntil preferanseaksjane til saman har teke i mot 14 mill. kroner. Deretter skal preferanseaksjane ha så stor del av utdelinga som svarar til aksjanes del av aksjekapitalen. Elles har preferanseaksjane dei same rettane som dei vanlege aksjane.

Preferanseaksjane kan berre eigast av Stiftelsen Møreforsking.

§ 6

Omsetning av aksjar

Aksjar kan ikkje overførast til ny eigar eller pantsetjast utan godkjenning av styret, jf. aksjelova § 4-15 andre ledd jf. § 4-16 til 4-17.

Aksjar kan ikkje overførast til nye eigarar utan at aksjeeigarane først har fått tilbod om å overta aksjane i samsvar med reglane i aksjelova § 4-15 tredje ledd jf. §§ 4-19 til 4-23. Ved bruk av forkjørsretten har aksjeeigarane rett til å overta aksjane til pålydande.

§ 7

Generalforsamling

Den ordinære generalforsamlinga skal m.a. behandle:

Godkjenning av årsrekneskap og årsmelding, samt andre saker som etter lova eller vedtektene høyrer under generalforsamlinga.

§ 8

Styre og valnemnd: Samansetjing og val

Styret skal ha frå 7 – 8 medlemmer. Av desse skal dei tilsette i konsernet Møreforsking (Møreforsking AS med dotterselskap) vere representert i samsvar med reglane om representasjon for dei tilsette i aksjelova. Det skal veljast vara for Møre og Romsdal fylkeskommunes representant, tilsettes representant, samt ein felles vara for Høgskulen i Volda, Høgskolen i Molde og NTNU sine representantar.

Funksjonstida for medlemmer i styret er 2 år.

Selskapet skal ha ei valnemnd på tre medlemmer, som skal veljast av generalforsamlinga. Medlemmene skal velgast for ein periode på 2 år. Møre og Romsdal fylkeskommune, Høgskulen i Volda, Høgskolen i Molde og NTNU skal kunne utpeike kvar sin representant til valnemnda. Det skal veljast ein vara for Møre og Romsdal fylkeskommune og ein for Høgskulen i Volda, Høgskolen i Molde og NTNU samla.

§ 9

Styret: Funksjon

Leiaren i styret eller den som leiaren gjev mynde til, kallar inn til styremøte. Det skal først protokoll frå møta i styret. Det blir elles vist til føresegnene i aksjelova.

Styret har ansvaret for at formålet for selskapet blir ivareteke, for selskapets økonomi og for at verksemda er i samsvar med overordna mål, strategiar og inngåtte avtalar om slike forhold, samt at samarbeidet internt i konsernet, og mellom selskapa og Høgskulen i Volda, Høgskolen i Molde og NTNU blir fremja. Styret skal sjå til at avtalar mellom selskapet og Høgskulen i Volda, Høgskolen i Molde og NTNU er på forretningsmessige vilkår og prinsipp. Når det gjeld funksjonar elles, blir det vist til aksjelova.

§ 10

Forplikting av selskapet

Styreleiar og dagleg leiar har i fellesskap selskapets signatur. Styret kan tildele prokura.

§ 11

Dagleg leiar

Dagleg leiar er ansvarleg overfor styret for den samla verksemda i selskapet, førebur dei sakene som skal behandlast av styret og har ansvar for at vedtaka i styret blir iverksette.

§ 12

Oppløysing og avvikling

Oppløysing og avvikling av selskapet av andre grunnar enn det som er bestemt i lov kan berre gjerast etter vedtak i generalforsamlinga. For krav til framgangsmåte ved slik oppløysing eller avvikling blir det vist til aksjelova.

Ved oppløysing og avvikling skal eventuelle aktiva i selskapet etter at aksjonærane har fått tilbake innskoten kapital, i samsvar med vedtak i generalforsamlinga, tilførast verksemd som kan ta hand om ei vidareføring av målsettinga for selskapet.

§ 13

Endring av vedtektene

Endring av vedtektene §§ 3,4,5,6,12 andre ledd og 13 krev tilslutning frå alle aksjonærane i selskapet.

§ 14

Innsynsrett

Høgskulen i Volda, Høgskolen i Molde og NTNU har rett til innsyn i verksemda i selskapet for å sikre at staten sine interesser blir forvalta på ein forsvarleg måte, jf. retningslinjer for samarbeid mellom statlege universitet og høgskular og andre rettssubjekt.
